



Saksbehandlar: Ingrid Johannessen

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/23	Formannskapet	19.09.2023

## Første gangs behandling av Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2023-2035 - samfunnsdelen

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036 – samfunnsdelen blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn slik den ligg føre datert 08.09.2023, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Fram til utsending og utlegging kan kommunedirektøren gjere tekniske tilpassingar og visuelle endringar som ikkje endrar planframlegget sitt meiningsberande innhald.

### Formannskapet 19.09.2023:

#### Behandling:

Formannskapet ønska å legga til eit tilleggspunkt til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

3. Det blir invitert til eit arbeidsseminar med heile kommunestyregruppa etter høyring og før andre gongs handsaming av saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tilleggspunkt 3 blei einstemmig vedtatt av formannskapet.

#### FS- 092/23 Vedtak:

1. Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036 – samfunnsdelen blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn slik den ligg føre datert 08.09.2023, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Fram til utsending og utlegging kan kommunedirektøren gjere tekniske tilpassingar og visuelle endringar som ikkje endrar planframlegget sitt meiningsberande innhald.
3. Det blir invitert til eit arbeidsseminar med heile kommunestyregruppa etter høyring og før andre gongs handsaming av saka.

## **Saksutgreiing**

### **Samandrag**

Det er samfunnsdelen av kommuneplanen som kjem til behandling i denne saka. Samfunnsdelen er kommunen sitt overordna styringsdokument, med framlegg til mål og strategiar legg den føringar for kommunen si verksemd den kommande planperioden.

Planprosessen følger krava i Plan- og bygningslova. Det er gjennomført eit omfattande medverknadsopplegg, med deltaking både internt i organisasjonen og eksternt.

I planprosessen blei det tatt stilling til kommunen sine hovudutfordringar. Desse dannar grunnlaget for val av satsingsområda. Framlegg til mål og strategiar er i all hovudsak basert på innspela i medverknadsprosessen og politikarane sine prioriteringar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal publiserast i Framsikt. Dette digitale verktøyet skal sikre samanheng mellom ulike planar og mellom langsiktige overordna planar og økonomiplanen.

### **Bakgrunn for saka**

I følgje plan- og bygningslova §11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan med samfunnsdel og arealdel. Ved revisjon av kommuneplanen gjeld føringar og prosesskrav som er gitt i lova §§ 11-12 til 11-15. Lova set krav til innhald, at kommuneplanen skal ha ein samfunnsdel, ein arealdel og eit handlingsprogram.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i 2017. I kommunen sin planstrategi for 2020-2023 og i planprogrammet blei det vedtatt at samfunnsdelen skulle reviderast i sin heilskap. Det er samfunnsdelen som kjem til behandling i denne saka.

Arealdelen vil komme opp som eiga sak på eit seinare tidspunkt. Den kortsiktige delen av kommuneplanen, handlingsprogrammet, gjeld for heile kommunen si verksemd dei næraste fire åra. I Vindafjord er handlingsprogrammet identisk med kommunen sin økonomiplan.

### **Saks- og faktaopplysningar**

#### Formål:

Formålet med revisjon av kommuneplanen kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Styrke og forankre samfunnsdelen som viktigaste styringsverktøy
- Forankre samfunnsdelen i FN sine berekraftsmål
- Binde samfunnsdelen og arealdelen saman gjennom ein arealstrategi
- Knytte økonomiplanen/handlingsdelen tettare til samfunnsdelen

#### Planprosess

Planprosessen fram til planforslaget som nå ligg føre, kan i korte trekk oppsummerast slik:

- Oppstart av planarbeidet og planprogrammet som er oppskrifta for planarbeidet, blei vedtatt av kommunestyret 22.06.2022.
- Arbeidet har vore organisert i ei prosjektgruppe leia av kommunalsjef for samfunnsutvikling og i ein periode av einingsleiar for areal og forvaltning
- Formannskapet utvida med gruppeleiarane har vore styringsgruppe
- Ekstern medverknad føregjekk i hovudsak hausten 2021 i form av spørjeundersøking, folkemøte, gjestebod, temamøte og arbeidsverkstadar
- Medverknad internt i organisasjonen har skjedd i fleire omgangar; i leiarforum og arbeid ute i einingane
- Kommunen var 21.12.2022 i regionalt planforum
- Alle prioriterte innspel blei deretter samordna og sortert på satsingsområda og på sektorovergripande tema

- Dette blei utgangspunktet for formulering av mål og strategiar
- I sluttfasen blei det halde politisk arbeidsseminar for å forankra prioriterte tema og arealstrategiar

### Innhald i planen

Samfunnsdelen til kommuneplanen har ein tidshorisont på 12 år. Den viser mål for ønskt utvikling og strategiar for korleis Vindafjord kommune og samfunn skal utvikle tenestene og løyse oppgåvene for å nå måla. Planen tar stilling til langsiktige utfordringar og skal vera grunnlaget for sektorane sine planar og verksemd.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn. Alle berekraftsmåla er like viktige i eit globalt perspektiv. I planprosessen er det vurdert og komme fram til at Vindafjord-samfunnet og kommunen har størst påverknadsgrad og moglegheit for måloppnåing innanfor desse 8 måla:

- Mål 3: god helse og livskvalitet
- Mål 4: god utdanning
- Mål 6: reint vatn og gode sanitæranlegg
- Mål 8: anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn
- Mål 12: ansvarleg forbruk og produksjon
- Mål 13: stoppe klimaendringane
- Mål 17: Samarbeid for å nå måla

Planen er delt inn i 3 sektorovergripande tema og 3 satsingsområde. For å kunna peika ut ei retning for samfunnsutviklinga i Vindafjord kommune, er me avhengig av godt samarbeid og velfungerande folkestyre. I kommunal planlegging er det heilt sentralt med lokal forankring og medverknad og godt samarbeid med regionale og nasjonale styresmakter. Kommunen skal innfri både lokale og nasjonale forventingar. Derfor blir berekraftsmål nr 17, «Samarbeid for å nå måla», avgjerande for å nå dei sektorovergripande måla og måla for kvart satsingsområde.

Dei sektorovergripande tema blei avklart i planstrategiarbeidet og omhandlar

- klima og miljø
- samfunnstryggleik
- folkehelse

Dei tre satsingsområda blei avklart i prosessen med utarbeiding av planprogrammet og omhandlar

- berekraftig kommune
- attraktive lokalsamfunn og
- framtidretta tenester, gode liv og livslang læring

Til kvart av desse er det sett opp mål med tilhøyrande strategiar.

### Arealstrategi

Det er ei nasjonal og regional forventning at kommunen utarbeidar ein arealstrategi. Arealstrategien skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Kommunen sine arealstrategiar er langsiktige og gir overordna føringar for framtidig arealbruk. Arealstrategiane skal ligge til grunn for arealplanlegginga på alle plannivå; kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, reguleringsplanar, i byggesaker og i temaplanar. Arealstrategiane bygger opp under kommunen sine satsingsområde berekraftig kommune, attraktive lokalsamfunn og framtidretta tenester og skal bidra til at kommunen når sine hovudmål.

### **Vurdering**

Til varsel om oppstart av kommuneplanarbeidet kom det 12 innspel. Desse er gjengitt i hovudtrekk og kommentert nedanfor.

## Mattilsynet

Deira innspel handlar i sin heilskap om arealdelen til kommuneplanen.

### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Deira innspel vil bli følgt opp i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen med tilhøyrande føresegner.

## Statens vegvesen (SVV)

SVV skriv at det er viktig at kommunen tenker trafikktryggleik og framkommelegheit i alle sine planprosessar. Gjennom planarbeidet bør kommunen planlegge slik at befolkninga får dekkja dei fleste av sine daglege behov for handel og tenester i nærleiken av der dei bur. Dette er viktig slik at biltrafikken blir redusert med tanke på trafikktryggleik, miljø og klima. Dette følger av både nasjonale og regionale planar og føringar. Vidare er det viktig at det blir planlagt for gåande- og syklande samt kollektivtrafikk der det er aktuelt. For barn og unge er ein trygg og trafikksikker skuleveg viktig. Ved planlegging av nye bustadområde og vidareutvikling av eksisterande bustadområde, bør omsynet til trygg skuleveg, vera eit av hovudkriteria ved planlegginga.

### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Dette er viktige omsyn som Vindafjord kommune heile tida prøver å ta omsyn til. Det viser også igjen i både mål og strategiar. Desse omsyna vil også bli vurdert i arealdelen av kommuneplanen.

## Fiskarlaget Vest

Dei påpeikar viktigeita av heilskapleg planlegging for å finna løysingar som sikrar dei biologiske forholda i sjø, ivaretar fiskeriinteressene og gir moglegheiter for god sameksistens med andre interesser. Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon og er derfor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø. I tillegg er yrkesfiskarane avhengig av å ha eigna areal å fiska på.

### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Eit av måla i samfunnsdelen er å «forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar». Dette skal mellom anna følgast opp gjennom strategien om å «auka kunnskapen om naturverdiane» og arealstrategien om at «kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde».

## Rogaland fylkeskommune

Deira innspel relatert til oppstart av kommuneplanen kan samanfattast i følgjande punkt:

1. Dei saknar at mat ikkje er eit tydeleg innsatsområde under Berekraftig kommune, eventuelt under innsatsområdet Attraktive lokalsamfunn. Kommunen blir oppmoda om å spissa innsatsområda knytt til kvart av desse satsingsområda slik at dei ikkje glir over i ein annan.
2. Kommunen bør definera reiseliv og opplevingar som eit innsatsområde og komma opp med tiltak som legg til rette for auka besøksattraktivitet og kommunen som eit attraktivt reisemål. Til dømes så gjer kommunen mykje godt arbeid i høve til å leggja til rette for turløyper og meir friluftsliv. Kommunen blir oppmoda til å sjå dette i samanheng med reisemålsutvikling og besøksattraktivitet. Sentrumsutvikling er og eit godt reiselivstiltak.
3. Kommunen har gjort ei prioritering av kva berekraftsmål som skal vera førande for kommuneplanarbeidet. Dette er gjort utifrå ei vurdering av kva berekraftsmål kommunen meiner dei har høve til å påverka og mogleg måloppnåing. Det er peika ut tre sektorovergripande tema: klima og miljø, samfunnstryggleik og folkehelse og samarbeid. Desse skal gjennomsyra alle innsatsområde og tiltak i kommunen. Desse signaliserer og at kommunen bør vurdere å ta inn berekraftsmåla 2 (berekraftige matsystem og matproduksjon), 14 (livet i havet/under vatn) og

berekraftsmål 15 (livet på land).

4. Under opprømsinga av regionale planar oppmodar vi kommunen også til å nemne næringsplanar og strategiar:

- Regionalplan sjøareal havbruk (den er nemnd under arealdelen)
- Regionalplan landbruk, jf. landbruk som berebjelke og viktig næring i kommunen.
- Nærings- og innovasjonsstrategi. Mat og reiseliv som to av fire innsatsområde.
- Strategi for bioøkonomi. Det grønne skiftet. Klima. Mat. Samarbeid landbruk og havbruk.

5. Det er positivt at kommunen så klart følger opp nasjonal forventning om å laga ein arealstrategi som bindeledd mellom samfunnsdel og arealdel. I samband med planarbeidet skal det trekkast opp langsiktig grense landbruk rundt tettstadene Ølen, Sandeid og Skjold. I jordvernstrategien for Rogaland ligg det også føringar om at kommunane skal utarbeide eige jordvern mål i kommuneplanen.

6. I samfunnsdelen må det bli utarbeida eigne mål og strategiar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Rogaland fylkeskommune har elles ei rekke innspel til revisjonspunkt for arealdelen.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

1. Eit av måla til kommunen er å ta vare på jordbruksareal og oppretthalda matproduksjonen. Det vil i mange tilfelle vera slik at strategiar tilhøyrande satsingsområdet Berekraftig kommune også kan vere aktuelt for satsingsområde Attraktive lokalsamfunn. Kommunen har gjort eit val av kvar innsatsen på kvart satsingsområde skal settast inn.

2. Reiseliv er følgt opp i kommuneplanen og går fram av mål og strategiar innanfor satsingsområdet Attraktive lokalsamfunn.

3. At åtte berekraftsmål er prioritert, betyr ikkje at dei andre er utelukka. Det går fram av samfunnsdelen at berekraftsmåla 2, 14 og 15 er med i dei sektorovergripande tema.

4. Kommunen har i lista over regionale føringar berre nemnt Regionalplan for areal og transport på Haugalandet særskilt, dei andre fylkesdelplanar/regionale planar er samla i eit punkt og denne lista er ikkje uttømmende.

5. Samfunnsdelen inneheld mål og strategiar om å ta vare på dyrka og dyrkbar jord medan langsiktig grense landbruk vil bli vurdert i arealdelen.

6. Det er også formulert eigne mål og strategiar knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Statsforvaltaren

1. Statsforvaltaren tilrår at kommunen sin heilskaplege ROS-analyse vurderer risiko knytt til havnivåstigning og bølgepåverknad meir konkret med bakgrunn i dei område som er mest utsette og som kan vera aktuelle for utbygging. Basert på desse vurderingane må kommunen leggja inn aktsemdsone i plankartet.

2. Både E 134 og fleire andre vegar i kommunen er ulykkesutsett og det har vore fleire ulykker med dødsfall. Statsforvaltaren meiner derfor at kommunen bør identifisera dei farlegaste ulykkespunktene og arbeida systematisk for å sikra desse. Vidare bør risiko for trafikkulykker og skuleveg for barn og unge vurderast i reguleringsplanar. Dette må omfatta både området internt innanfor den aktuelle planavgrensinga, så vel som heile skulevegen.

3. Statsforvaltaren rår til at tema pandemi blir drøfta i kommunen si heilskaplege ROS-analyse og at forslag til tiltak blir drøfta meir utfyllande. Statsforvaltaren hadde tilsyn i januar i 2021, og peika

då på at heilskapleg ROS-analyse ikkje inneheldt tilstrekkeleg konkret informasjon for eit godt og systematisk arbeid med samfunnstryggleik. Klimaendringar som tema kunne ha fått meir fokus, og tiltaka som blei identifisert er vanskeleg å innarbeide i kommuneplanens arealdel. Eit døme på dette er flaum. Det er identifisert fleire gode tiltak og oppfølgingspunkt knytt til flaum, som til dømes revidering av handlingsplan for vassdrag og innføring av krav til overvasshandtering, men likevel bør ROS-analysen konkretiserast med tanke på kvar tiltak er nødvendig, korleis kommunen skal prioritera mellom tiltaka og i kva område bør ein fastsette aktsemdsområde.

4. Vindafjord kommune må vise korleis dei vil løyse det nasjonale kravet til klima- og energiplan som er gitt gjennom rikspolitiske retningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR-klima), samt måla satt i Klimakur 2030. Dersom kommunen skal innlemme sin klima- og energiplan i kommuneplanen er det viktig å få på plass naudsynnte mål, strategiar og tiltak, samt kunnskapsgrunnlag for kommunen. Vidare må kommuneplanen vise korleis endring i klima kan påverke bl.a. samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, befolkninga si helse, samt næringsverksemd. Det er også viktig å sjå på kommunen sin innkjøpspolitikk i lys av klima og berekraft. Både klimatilpassing og utslepp av klimagassar er tett knytt til arealbruk, spesielt til tilstanden på våtmarker, myr, landbruksareal og skog. Å behalde og auke CO<sub>2</sub>-lagring i vegetasjon og jordsmonn, er ei relativt ny og viktig nasjonal forventning til kommunane.

5. Det er positivt at folkehelsearbeidet er så nært knytt til kommunen sitt planarbeid, fagleg og administrativt. Den folkehelseoversikta som blir vist til, blei utarbeidd i 2017. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det ligg føre ei oppdatert oversikt i samsvar med folkehelselova sine krav. Dersom folkehelsearbeidet skal vera treffsikkert, må arbeidet vera kontinuerleg og oppdatert. Dei rår til at det i det vidare arbeidet blir lagt til grunn ei meir heilskapleg og samla oversikt over kommunen sine utfordringar. Dei viktigaste folkehelseutfordringane må identifiserast, og det må vurderast om det er naudsynt med grundigare undersøkingar for å finna ut meir om omfang og kva faktorar som har påverknad på utfordringane.

6. I den nye kommuneplanen vil Vindafjord prioritere berekraftsmål 4: God utdanning, og har valt Framtidsretta tenester – Gode liv og livslang læring som satsingsområde for å nå dette. Blant utfordringane er kompetanse og kvalitet nemnde, og gode læringsmiljø er trekte fram som føresetnad for å nå måla. Kommunen har fleire skular som over tid har hatt utfordringar med læringsmiljø og læringsresultat, og kompetanse og kvalitet er føresetnader for å betra dette. Statsforvaltaren rår kommunen til å ha med målsettingar og strategiar for dette i kommuneplanen.

7. Statsforvaltaren ser det som positivt at kommunen har vald økonomiplanen som kommuneplanen sin handlingsdel. Det gir ei direkte kopling mellom kommuneplanen og økonomiplanen og vil lettare sikra god oppfølging av måla gjennom konkrete tiltak og tilhøyrande økonomiske prioriteringar.

8. For å løyse fleire av dei utfordringane som kommunen peikar på vil det vere eit alternativ å gå saman med ein eller fleire nabokommunar om å laga ein ny kommune. Dette bør derfor nemnast som ei mogelegheit som innbyggjarane kan drøfte og gi innspel på. Det handlar om å vera open for strukturendring i framtida for betre å kunna nå dei måla som vert sett i samfunnsdelen.

#### 9. Statsforvaltaren sine innspel til arealstrategiar:

Som eit ledd i arbeidet med tettstadsutvikling og bustadutvikling bør kommunen sjå overordna på arealet som er avsett til bustadbygging per i dag, og vurdere om det er område som bør tas ut.

Kommunen kan legge til rette for næringsutvikling og styrke landbruket si rolle ved å òg stimulera til produksjon av grønnsaker, frukt og bær. Tilleggsnæringar som spelar på ressursgrunnlaget til garden, som lokalmat og gardsutsal kan og promoterast. Me ser at etterspørselen for gards-tilbod som gir gode liv og livslang læring for alle aldrar; Inn på tunet, parselhagar og andelsbruk, aukar. Slike tilbod støttar opp om næringa, skaper attraktive bustader og kan gir attraktive

reisedestinasjonar for gardsturisme, samtidig som det spelar på lag med ein aktiv landbruksindustri.

Statsforvaltaren har stilt krav om at langsiktig grense landbruk må trekkast opp rundt tettstaden Ølen ved revisjon av kommuneplanen (stammar frå forhandling om førre kommuneplan). I samband med dette roser Statsforvaltaren kommunen for ynskje om å trekka opp ei slik grense for Sandeid og Skjold og. Ei slik grense vil vera et godt verktøy for bruk og vern av LNF-areal, samt den vidare ynskja utviklinga av tettstadene. Statsforvaltaren ser fram til å bidra i arbeidet med langsiktig grense i vidare planprosess.

Desentralisert bustadbygging i tråd med plan kan vera eit godt grep for å styra ynskja etablering av attraktive bustader, så lenge det ikkje blir etablert bustader på areal som utfordrar strukturen for aktiv landbruksdrift eller naturinteresser. Eit anna viktig punkt med spreidd bustadbygging er at det lett kan føre til auka kostandar for skuleskyss, heimehjelp, og infrastruktur, samt kan opne for krevjande problemstillingar rundt samfunnstryggleik. Det er derfor viktig å utarbeida gode føresetnader som skaper klare forventningar og rammer, og minskar bruk av dispensasjonar i framtida. Den spreidde bustadbygginga må heller ikkje konkurrera med utvikling av etablerte tettstader, då attraktive samlingspunkt er sentralt for å tiltrekke seg innflyttarar.

Det er positivt at kommunen tar inn bruk og vern av sjøområde og strandsona som eit tema som skal stå sentralt i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Me viser her til nye statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, fastsett 28.05.2021. Vidare er det viktig med ei heilskapleg tilnærming til forvaltninga av viktige areal med fleire, til tider motstridane, interesser. Til dømes er viktige fiske- og friluftsområde heilt avhengig av ein tek vare på habitata og deira økologiske funksjon elles i sjøen. I det vidare arbeidet med arealdelen bør kommunen ta omsyn til kvar utslepp frå næringsaktivitet kjem frå, og kva dei kan påverke.

Vindafjord har ei lang kystlinje og naust og båtplassar er viktige gode for innbyggjarane i kommunen. Før det vurderast å ta inn nye område til utbygging, rår Statsforvaltaren kommunen til å sjå overordna på eksisterande reguleringsplanar for å vurdere om vedtekne, men ikkje utbygde område, kan takast ut. I tillegg må ein vurdere mogleighetene for å fortette innafor allereie utbygde område. Kommunen bør så langt det er råd unngå å legge opp til bygging i urørte område med særskilte friluftsiinteresser eller natur- og landskapskvalitetar.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

1. Vurdering av havnivåstigning og bølgepåverknad må følgast opp ved revisjon av heilskapleg ROS-analyse. Der det blir avdekka behov for aktsemdsone, må dette leggast inn i plankartet. Viser til arealstrategiane under tema samfunnstryggleik:

«- Gjennom forsvarleg arealdisponering redusera risiko for tap av liv, eller skade på helse, miljø og materielle verdiar

- Nye byggeområde skal så langt som råd planleggast utanfor fareområda

- Bruk av omsynssonar og føresegner i arealdelen for å sikra ei trygg arealdisponering.»

2. Dette tema skal følgast opp i arealdelen og i trafikksikringsplanen.

3. Tema pandemi og ytterlegare konkretisering av tiltak knytt til flaum må også følgast opp i revisjon av heilskapleg ROS-analyse.

4. Klima og miljø er eit sektorovergripande tema i samfunnsdelen. Det er sett opp mål og strategiar for å redusere klimagassutslepp og for korleis me skal møte verknadene av klimaendringane.

5. I planprosessen, både med utarbeiding av planprogram og påfølgande plandokument er det jobba grundig med å identifisera kommunen sine hovudutfordringane. Alle steg i planprosessen er kvalitetssikra og forankra fagleg i organisasjonen. Kommunedirektøren meiner totalt sett at

samfunnsdelen svarar ut dei utfordringane som er kjent. Folkehelse er sett som eit sektorovergripande tema, som skal jobbast med i heile organisasjonen, men dette er også ein viktig del av satsingsområdet «*Framtidsretta tenester; gode liv og livslang læring*».

6. Mål og strategiar sett opp under satsingsområdet «*Framtidsretta tenester- gode liv og livslang læring*» svarar på hovudutfordringane knytt til læringsmiljø og læringsresultat.

7. Kommunen har hatt og vil framleis ha økonomiplanen som kommuneplanen sin handlingsdel.

8. Kommunestruktur er ikkje løfta som tema ved denne revisjonen av kommuneplanen. Kommunen gjennomførte ei vurdering av kommunestruktur 2016, inkludert ei folkeavstemming. Det synest ikkje aktuelt å ta dette opp igjen etter så kort tid.

9. Samfunnsdelen har sett opp eit sett arealstrategiar som skal gi føringar for arbeidet med arealdelen. Desse ligg til grunn for vidare vurderingar av areal sett av til bustadformål i arealdelen.

Statsforvaltaren sitt innspel om næringsutvikling i landbruket kan berre seiast å vera delvis følgt opp gjennom strategien: «*Definera kommunen som reiselivsdestinasjon og leggja til rette for eit berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur*».

Langsiktig grense landbruk vil bli følgt opp i vidare arbeid med arealdelen.

Vindafjord kan ikkje seiast å vera ein presskommune. Veksten skjer i hovudsak langs E134 på strekninga frå Skjold til Ølen. For å sikra busetting og aktivitet i dei andre delane av kommunen er det derfor viktig at me i Vindafjord arbeidar for ein differensiert arealbruk, og det er behov for planstyrt fleksibilitet. Kommunen har utforma strategiar som skal ivareta tettstadutviklinga samstundes som det gir rom for ei slik differensiert arealbruk.

Kommunedirektøren viser til arealstrategien «kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde» med tanke på arealforvaltning knytt til sjø og strandsone. Vidare oppfølging av tema bruk og vern av sjø og strandsone vil skje i arealdelen.

#### Kystverket

Kystverket oppmodar kommunen til å ha fokus på tilrettelegging for sjøtransport og hamn i planarbeidet. Sjøtransporten sitt fortrinn er å tilby effektiv og sikker transport, i hovudsak for å dekkja næringslivet sitt behov med lite negativ miljøpåverknad. Kystverket forventar at kommunen i si arealplanlegging tar høgde for sjøtrafikken sitt arealbehov i farleiene. I tillegg er det også registrerte ankrings- og riggområde som er viktige for ferdselen og næringslivet i kommunen. Kystverket skriv vidare at ettersom bruken av kystlinja er mangearta og kompleks, tilrår dei at eventuelle nye område for akvakultur blir nøye vurdert i samarbeid med Kystverket med tanke på plassering, arealomfang og kor eigna dei er.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Kystverket sine innspel vil bli vurdert i arealdelen av kommuneplanen.

#### Fiskeridirektoratet

1. Det er viktig at kommunen ser samanhengen mellom bruk av land og sjø i alt kommuneplanarbeid. Det vil bidra til å redusera konfliktrar i sjø og sjønære områder, og gi ei meir føreseieleg utvikling. Ved t.d. planlegging av utbyggingsareal i strandsona, er det viktig å ta høgde for at desse områda ikkje kjem i konflikt med viktige fiskeri- og akvakulturinteresser eller naturmangfald. Det er derfor svært positivt at kommunen ønsker eit fokus på berekraft og bruk og vern av sjøområde og strandsone i kommunen.



2. Samfunnsdelen bør vera så konkret som mogleg når det gjeld dei næringane kommunen ønsker å satsa på og leggja til rette for. Den bør seie noko om kva mål og strategiar kommunen har for næringsutvikling og verdiskaping. Generelt ønsker dei at fiskeri- og havbruksnæringa får eigen omtale i samfunnsdelen.

3. Fiskeridirektoratet oppmodar til auka samarbeid med nabokommunar. Interkommunale arealplanar vil gi ein meir heilskapleg plan for bruk og vern i et større perspektiv. Dette vil vera positivt for sjømatnæringane og biologisk mangfald.

4. Kystkulturen i regionen tilseier at Vindafjord kommune bør ha ein strategi for bruk av både strandsona og sjøområda. Å ta vare på det marine miljøet og spesielt viktige naturtypar i sjø høyrer med. T.d. må lokalisering og utvikling av offentleg infrastruktur (veg, kaiar, vatn og avløp), industri, næring og småbåthamner vurderast. Ein kommunedelplan for naturmangfald med tilhøyrande handlingsdel kan her vera eit viktig verktøy.

Fiskeridirektoratet har elles merknader til arealdelen.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

1. Dei sjønære landareala og sjøareala må sjåast i ein samanheng. Det er alltid fleire omsyn som skal vurderast når det kjem til bruk av areala. Det er derfor utforma ein arealstrategi under satsingsområdet berekraftig kommune med følgjande ordlyd: «Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsona og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde.»

2. Samfunnsdelen gir overordna mål og strategiar for kommunen sine satsingsområde. Berekraftig næringsutvikling er eit mål. Fiskeri- og havbruksnæringa er ikkje særskilt nemnt.

3. Kommunen deltek i «Interkommunalt samarbeid om kunnskap om sjøareala» i regi av Rogaland fylkeskommune. Formålet med dette samarbeidet er å utvikla eit felles kunnskapsgrunnlag og digitale planverktøy som er relevant for heilskaplege konsekvensvurderingar og arealplanlegging i sjøen. Kunnskapsprosjektet skal leggja til rette for at kommunane kan gjennomføra effektive og heilskaplege planprosessar, konsekvensanalyser og oppdatera arealplanane for sjøareala.

4. Innspelet om å utarbeide ein plan for biologisk mangfald vil kommunen ta opp til vurdering i sitt arbeid med ny planstrategi.

Sjø og strandsona er også eit av revisjonstema i arealdelen.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

1. DMF støttar kommunen si vurdering av at det er kostnadskrevande å skaffe seg nødvendig informasjon om mineralske ressursar og at det derfor bør komme på plass eit samarbeid med fleire kommunar og fylket. Sidan kommunen peikar på at kunnskap og kompetanse må hentast utanfrå, bør kommuneplanen vise korleis kommunen vil arbeide vidare med denne problemstillinga.

2. DMF tilrår at det må vurderast om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikra ei god og langsiktig forvaltning av dei mineralske ressursane og vidare om det bør gjerast ei vurdering av om kommunen har tilgang på nødvendige ressursar for realisering av planlagt utvikling og utbygging.

Ytterlegare innspel frå DMF handlar om arealdelen til kommuneplanen og vil bli følgt opp i dette arbeidet.

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Kommunen er avhengig av regionalt initiativ til slike samarbeidsprosjekt. Det er ikkje laga ein

strategi for korleis dette skal følgast opp. Ei vurdering av eksisterande plangrunnlag og om tilgangen på mineralske ressursar er tilstrekkeleg for planlagt utvikling og utbygging, må utførast i samband med arealdelen av kommuneplanen.

#### Statnett

Innspelet handlar i sin heilskap om arealdelen til kommuneplanen.

#### *Kommunedirektøren sin kommentar:*

Deira innspel vil bli følgt opp i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen med tilhøyrande føresegner.

#### Haugaland brann og redning IKS

Planlegging av nye og/eller utviding av eksisterande område for bustad, handel, industri mm krev meir sløkkevatn. Brannvesenet ber derfor om at det nå i planleggingsfasen også blir tatt omsyn til kravet om sløkkevatn. Dersom det skal settast av nye område for bygging på areal der det i dag ikkje er tilstrekkeleg med sløkkevatn, vil dette føra med seg ein betydeleg kostnad for enten kommunen eller utbyggjar.

Blir det planlagt nye alders- og sjukeheimar eller liknande krev dette ei innsatstid på maks 10 min. Det må derfor tas omsyn til kvar slike bygg kan plasserast.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Dette er vurderingar som tas i ROS-analyse og KU ved utarbeiding av arealdelen.

#### Bjoa Bygdeutviklingslag (BBU)

Dei er samd i satsingsområda og framdriftsplanen som er presentert og ser fram til å vera aktivt deltakande i planprosessen.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

BBU har på lik linje med dei andre grendeutvala deltatt aktivt i planprosessen med innspel og prioritering av desse. Denne forma for medverknad har gitt oss mange gode innspel og ei forankring lokalt i bygdene. Kommunen vil også ha dialog med grendeutvala vidare i arbeidet med arealdelen.

#### Haugaland interkommunale miljøverk (HIM)

HIM saknar tekst som har fokus på å leggja forhold til rette slik at kommunen har best mogleg utgangspunkt for å bidra til å minske klimafotavtrykket for deira fagområde.

#### *Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Klima og miljø er løfta fram som eit sektorovergripande tema. Det er mellom anna sett eit mål om å redusera klimagassutslepp i samfunnsdelen og strategiar om å laga ein handlingsplan for korleis kommunen som verksemd skal redusera klimagassutsleppet sitt og fremma eit ansvarleg forbruk – haldningsskapande arbeid.

#### Kjell Kjærland

Innspelet kan oppsummerast i følgande tre punkt:

1. «Kommunen har som strategisk delmål ved denne planrevisjonen å få på plass egnet forvaltningsordning for friluftslivet i kommunen, herunder etter behov sikre områder for friluftsliv på berekraftig måte med hensiktsmessige brukerregler og reguleringer.»
2. «Tilrettelegging av båthavner, herunder tilrettelegging av anlegg for sjøsetting/båtopptrekk, oppstillingsplasser for båter (inngjerdede sikr ede områder m.m.), samt områder for lagring av båter, herunder bygg (naust/bathotell m.m.).»

### 3. «Planlegging og tilrettelegging av områder for fritidsbustader i næringsøyemed.»

*Kommunedirektøren sine kommentarar:*

Innspelet om forvaltningsordning for friluftsliv må vurderast i samband med revisjon av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet der friluftsliv er ein del av planen. Punkt 2 og 3 må tas til vurdering i arbeidet med arealdelen.

Borgen advokater på vegne av Liv Hetland og Inger Mari Hetland (grunneigarar av eigedom 293/42 og 43 i Ølensvåg)

Innspelet handlar om områdeplanen for Ølensvåg. Dei er ikkje samde i den arealbruken som denne planen legg opp til på deira eigedomar.

*Kommunedirektøren sin kommentar:*

Innspelet er knytt til ein pågåande reguleringsplanprosess og handlar om arealbruken på ein bestemt eigedom og er av den grunn ikkje av betydning for samfunnsdelen til kommuneplanen.

#### **Andre vurderingar**

Samfunnsdelen til kommuneplanen er eit viktig styringsdokument. Det er i den at dei overordna, langsiktige og strategiske vala for kommunen som organisasjon og samfunn blir gjort. Planforslaget følger krava i Plan- og bygningslova. Planprosessen har tatt meir tid enn først planlagt, og av omsyn til kommuneplanen sin arealdel og den vidare framdrift er det ønskjeleg å få samfunnsdelen ut på høyring nå.

Kommuneplanarbeidet er omfattande og bør vere ein kontinuerleg prosess. Det er ein styrke for planarbeidet at det er tverrfagleg. I all planlegging er det ønskeleg å sjå egne aktivitetar i samanheng og sjå dei i høve til andre sine aktivitetar. Kommunedirektøren meiner at planforslaget slik det ligg føre, avspeglar kommunen som samfunn på ein god måte. Val av satsingsområde viser tydeleg kva som skal stå i fokus. Ein har fått fram kva som er kommunen sine hovudutfordringar i høve til satsingsområda og korleis ein skal arbeide for å komme desse i møte. Planen viser at me som lokalsamfunn må ta i bruk våre menneskelege, naturgitte og økonomiske ressursar på ein balansert måte. Planen trekk ikkje opp grenser for kven som har ansvar for kva, men viser tydeleg at ting heng saman og at løysingar finst i samarbeid, ikkje sektortenkning. Planen har sett klare mål for kva me ønsker oss for kvart satsingsområde og korleis me vil gjere det for å arbeide mot dei måla som er sett.

Kommunedirektøren meiner kommuneplanen sin samfunnsdel har vore gjennom ein grundig prosess med omfattande medverknad internt og eksternt. Folkemøte i alle bygder og aktivering av grendeutval gir auka deltaking og styrkar samfunnsengasjementet. Medverknad har på denne måten også ein effekt i høve til sosial og politisk læring, dvs. opplæring til demokrati. Det er viktig å erkjenne eksistensen av konflikter i planlegginga. Formålet med overordna kommuneplanlegging er å få ei best mogleg styring av utviklinga. Medverknad frå lokalsamfunnet kan bidra til å redusere konflikter, finna løysingar og dermed gjera planprosessen lettare og raskare å gjennomføra. Medverknad kan også sikra eit kvalitativt betre kunnskapsgrunnlag for planlegginga gjennom breitt tilrettelagte prosessar.

Kommunedirektøren meiner at ein har fått til ein god kommunikativ prosess med innbyggjarane. Bruken av grendeutvala som eit «nedste ledd» i demokratiet har fungert godt i kommuneplanprosessen. Gjennom planprosessen og medverknaden har politikarane samla seg om kva hovudutfordringar Vindafjord kommune står overfor og ut frå dette vedtatt kva satsingsområda skal vera i den kommande planperioden. Mål og strategiar, som skal vera styrande for ønska utvikling, er i stor grad basert på innspela frå medverknadsprosessen og politikarane sine prioriteringar.

Berekraftsmål nr. 17 «Samarbeid for å nå måla» er godt ivaretatt gjennom eit omfattande medverknadsarbeid. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal innfri både lokale og nasjonale forventingar. Berekraftsmål nr 17 blir sett på som avgjerande for å nå dei sektorovergripande måla og måla for kvart satsingsområde.

Samfunnsdelen til kommuneplanen skal publiserast i Framsikt. Dette er eit digitalt verktøy som gjer planen oversiktleg og lett å lesa. Bruken av Framsikt sikrar også at mål og strategiar i vårt overordna styringsdokument blir henta inn i økonomiplanen og vidare til verksemdsplanane og me får sikra samanhengen i plan- og styringssystema. Kap. 4.0 som omhandlar utviklinga i Vindafjord, vil bli publisert og få tilsvarande layout som i økonomiplanen. Administrasjonen har endå ikkje fått lagt samfunnsdelen inn i Framsikt. Det vil bli gjort snarast mogleg og seinast innan saka blir sendt på høyring. Førre ligg samfunnsdelen som vedlegg til denne saka i PDF-format.

#### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Det er viktig for kommunen å ha ein oppdatert samfunnsdel då denne er eit viktig styringsdokument. Den legg føringar så vel for arealdelen, økonomiplanen og andre planar.

Kommunedirektøren tilrår at planen blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

#### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova.

#### **Vedlegg:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel - høyringsutkast - 08.09.2023